



# **NåDa**

## **SAMTIDSKUNST • KULTURMINNER • UNGDOM**

**Prosjektplan for 2017 til 2019:**

### **Søkjar:**

Kunstforening: Osterøy Kunstlag  
Adresse: Hosanger, 5282 Lonevåg  
Kontaktperson: Else Karin Tysse Bysheim  
E-post: elsektb@gmail.com  
Tlfnr.: 909 86 722

Kontonummer kunstforeininga: 3632.56.72743  
Org.nr.: 995 372 487

### **Innleiing:**

**NåDa** er eit nasjonalt prosjekt i regi av Norske kunstforeninger, der 10 kunstforeiningar/-lag i Norge er plukka ut til å delta. Osterøy kunstlag er åleine i Hordaland som deltek. Norske kunstforeninger får stønad frå Sparebankstiftelsen DNB til prosjektet.

**NåDa** skal vera eit prosjekt der **ungdom, biletkunstnarar og kunstforeiningar, gjennom å arbeida med samtidskunst, skal reaktivera lokale kulturminne og lokalarv.**

I **NåDa** skal samtidskunst og **lokale kulturminne** frå fjern eller nær fortid saman danna ei form for **refleksjon rundt historie, stad, identitet, tilhøyrssle, samfunn og kultur.**

Deltaking i NåDa skal la ungdom få ei større forståing for samtidskunst gjennom å dela arbeidsprosess med ein samtidskunstnar, og få erfaring med korleis ein samtidskunstnar tenker og arbeider.

Sjå: <http://www.kunstforeninger.no/prosjekter/naada/>

## Bakgrunn og målsetjing:

**Osterøy kunstlag** driv **Galleri Mjøsvågen** i bygda Hosanger på Osterøy utanfor Bergen. Galleri Mjøsvågen har sommarsesongen som utstillingsperiode. Tross lågt medlemstal har likevel kunstlaget sidan 2010 hatt mange flotte utstillingar. Sjå [www.gallerimjosvagen.no](http://www.gallerimjosvagen.no). Galleri Mjøsvågen sine utstillingar har opp gjennom åra vorte godt besøkte og det kjem like mange besökande frå Bergen og kringliggende kommunar som frå nærmiljøet.

Galleri Mjøsvågen heldt til i eit hus der det har blant anna vore landhandel. I tillegg til galleriet er det kafé i eit av dei andre sjøhusa, Mjøsvågen kafé. Galleriet og kafeen er avhengig av kvarandre og har eit særskilt godt samarbeid. I det same tunet som galleriet og kafeen ligg, er det også ein treskoverkstad frå 1924 og eit utsal av tekstilarer frå bygdas tekstilfabrikk Norlender.



Galleri Mjøsvågen

I Mjøsvågen, der Galleri Mjøsvågen heldt til, står kulturminna på rekke og rad rundt den lune vågen. Her var det kisteverkstader, smier, treskoverkstad, metallstøyperi, møbelfabrikk og dampskipskai med restar etter eit meieri. Her har vore røykeri,

skraphandel, fargeri, garveri, ullskoproduksjon, knottproduksjon, strømpefabrikk og meire til – eit eventyr av tiltakslyst og skaparglede gjennom generasjonar. Her har bøndene i bygda skaffa seg kjærkomne ekstrainntekter som smedar, gjørtlarar, treskomakarar, kistemålarar, rosemafålarar m.m. Her låg det også fleire butikkar, post og telegraf. Husa i Mjøsvågen vart verna i 2001, og Vener av Mjøsvågen mottok i 2005 Arild Haaland sin vernepris for arbeidet som er gjort for å ta vare på dei unike bygningane, og som stimulering til vidare arbeid .



Treskoverkstaden i Mjøsvågen

Mjøsvågen syner kulturminne for gründerskap, attåtnæring og industri heilt tilbake til 1800-talet, og me meiner at Mjøsvågen er ein veleigna plass for *NåDa*-prosjektet – Samtidskunst – Kulturminne – Ungdom.

Me tenkjer at i prosjektet vårt skal det vera eit hovudprosjekt med fleire underprosjekt som tek utgangspunkt i same tema. I første omgang skal ein hovudkunstnarar jobbe fram eit kunstprosjekt i samarbeid med dei involverte ungdommane. Deretter ynskjer me at andre ulike kunstnarar kan arbeide fram ulike underprosjekt. Me vil også arrangere ulike Workshops, foredrag m.m. Me ynskjer at det heile skal ende opp med fleire utstillingar innanfor ulike kunstnarlege uttrykk.

Arbeidet som vert gjort skal verta godt dokumentert undervegs -med bilet og evt. film.

Prosjektets **målsetting og betydning for kunstforeininga** er at Osterøy kunstlag gjennom dette prosjektet skal setja fokus på dei unike kulturminna og lokalhistoria kring Mjøsvågen, samstundes som me ynskjer at dette skal få stor betydning rekruttering av fleire medlemmer til kunstlaget og meir aktivitet i Mjøsvågen. Me ynskjer oss spesielt nye medlemmer som kan representera dei unge.

**På kort sikt** vil me at prosjektet skal skape inspirasjon og entusiasme, og **på lang sikt** vil me gje kunstlaget meir synleg som ein visningsstad for samtidskunst.



I det verna sjøhusmiljøet i Mjøsvågen er det mange kulturminne

## Tema og formidling:

**Me ynskjer at samtidiskunst og dei lokale kulturminna i Mjøsvågen saman skal danna ei plattform for refleksjonar rundt historie, stad og identitet, samfunn og kultur.**

Ved å velje kulturminne som har aktuell problemstilling for vår tid vil me til hovudprosjektet ta utgangspunkt i «**Amerikakofferten**», ei form for kiste som vart produsert i **kisteverkstadane** i Mjøsvågen i siste del av 1800-talet.


Kring 1870-80 åra vart 5 naust i Mjøsvågen bygd om til kisteverkstader med produksjon av kister for sal i Bergen. Det vart produsert kister og skrin i ulike storleikar. På den tida var det stor utvandring til Amerika og «Amerikakoffert» vart produsert til lang ut på 1900-talet.

Dei fleste som utvandra til Amerika hadde med seg denne kofferten med sine kjæraste minne frå heimlandet oppi. Dette var i ei tid då me i Norge var så fattige at ein tredjedel av befolkninga utvandra til Amerika for å få eit betre liv der.

Me meiner at dette temaet er svært aktuelt i våre dagar og såleis kan verta knytt opp mot notidas flyktningestraum og innvandring.



Amerikakofferten



Frå kisteloftet

Me tenkjer blant anna at bagasje kan vera eit stikkord her – den materielle bagasjen v.s. den mentale, kjenslevare og kulturelle bagasjen.



Til underprosjekta ynskjer me også å ta i bruk andre kulturminne i Mjøsvågen, som **smiene**, **treskoverkstaden** og evt. **gjørtlarfaget**. Desse kan nyttast til å fortelja andre historier innanfor same tema som hovudprosjektet.

Gjennom ulike workshops saman med ungdommar, aktuelle kunstnarar og personar som innehavar kunnskapen knytt til dei lokale kulturminna, skal det produserast ulike uttrykk innan samtidskunst.

**Her er det mange moglegheiter for formidling; til dømes film, foto, lyd, teikning, performance, maling, tekstil, design av nye produkt, installasjon m.m.**



Den ene smia i Mjøsvågen

Me tenkjer at samtidskunsten kan gje oss nokon nye tankar og syn på dei gamle kulturminna, det kan kanskje vera med å syna oss noko som me ikkje visste at me ikkje visste.

Som einaste kunstlag i Hordaland ynskjer me at dette skal verta eit regionalt prosjekt – eit pilotprosjekt for heile regionen.

## **Korleis invitere me ungdommar til prosjektet:**

Me vil invitera **ungdom mellom 16 og 20 år** frå ulike institusjonar i heile Hordaland. Me ynskjer å involvera ungdom frå ulike miljø og organisasjonar, som ungdomsskule, vidaregåandeskular, frivillige organisasjonar etc.

Me tenkjer at hovudkunstnaren sjølv skal invitera ungdom til å delta ved å laga ein filmsnutt der han fortel om prosjektet og seg sjølv. Denne filmen sender me så få ut til dei valte institusjonane og så må me etterpå bruke «første mann til mølla»-prinsippet.

## **Kunstnar til hovudprosjektet:**

Kunstnaren me har valt til hovudprosjektet er **Shwan Dler Qaradaki**.

Qaradaki er født i 1977 i Suleimani i Irak, og bur no i Oslo. Han har hatt separatutstillingar på blant anna Galleri BOa, Galleri InM og kunstner forbundet i Oslo, Spriten kunsthall i Skien, samt under Festspillene i Nord-Norge og Bjørnsonfestivalen i Molde i 2016. I 10. juni lanserte Qaradaki boken Avstand og filmen Mother på Kunstnernes hus i Oslo.

Shwan Dler Qaradaki kom til Norge som flyktning i 1999. Og no, i 2017, er han ein etablert og anerkjent kunstnar i Norge, som har stilt ut ved fleire av våre viktigaste institusjonar og mottatt store stipend og fleire prisar. Han har også turnert i store delar av Norge og bruk mykje tid på å formidle historia om ein oppvekst i krig og korleis han brukte to og eit halvt år på flukta frå irakisk Kurdistan til Norge, i filmserien *Salte Kyss*. Gjennom filmane får han synleggjort flyktningane gjennom ansikt, stemme og bilet.

*Salte Kyss* tek i bruk mange former – teikning, animasjon og dokumentarfoto, men spesialiteten hans er akvarell. Han beherskar akvarellfargen sine særeigne evner til både å kunne la penselen lage konkrete og reine strekar, eller gå i oppløysning med vatn, og dekke ein større flate mens den framleis representerer ein konkret ting eller situasjon. Paletten går ofte mot oker, det sandfarga eller brunt. Blått og svart. Mykje svart.

## **Sjå CV til Qaradaki:**

## **Grunnen til val av kunstnar:**

Då me leita etter ein samtidskunstnar som kunne passa til dette prosjektet så såg me med ein gong at Shwan Dler Qaradaki ville passa perfekt som hovudkunstnar. Han har ein svært interessant bakgrunn og ei spennande historie å fortelja, som me trur vil engasjera ungdommane som skal delta. Og ikkje minst så er han ein allsidig kunstnar som beherskar mange ulike kunstnarlege uttrykk.

## **Ynskjelege samarbeidspartnarar:**

- Eigarane av dei verna sjøhusa i Mjøsvågen.
- Osterøy kommune
- Osterøy museum
- Osterøy sogelag
- Vener av Mjøsvågen
- Vestnorsk Utvandringssenter på Sletta i Radøy kommune
- Mjøsdalen Ungdomslag
- Osterøy Reiselivslag
- Folkeakademiet
- Osterøy Bibliotek
- Hosanger kyrkje

## **Aktivitetar:**

1. **Oppstartfase:**
  - Rekruttere ungdom som skal vera med på prosjektet.
  - Marknadsføring
  - Kontakte presse
  - Foredrag
  - Filmvisning
  - Dokumentere undervegs
2. **Hovudprosjekt:** Samtidskunstnar – ungdom – Lokale kulturminne – Amerikakoffert – utvandring – innvandring - flyktningar
  - Workshops
  - Formidling
  - Utstilling
  - Foredrag
  - Dokumentere under vegs
3. **Underprosjekt:** Nyte andre kulturminne i Mjøsvågen til ulike kunstprosjekt med same tema
  - Smiene
  - Treskoverkstaden
  - Gjørtlarfaget
  - Workshops
  - Formidling
  - Utstillingar
  - Dokumentere underves
4. **Bruk av dokumentasjon:**
  - Utstilling og formidling

## **Organisering:**

**Prosjekteigar** for NåDa-prosjektet i Mjøsvågen er Osterøy kunstlag.

### **Kontaktperson:**

Else Karin Bysheim – tlf: 909 86 722

e-post: [elsektb@gmail.com](mailto:elsektb@gmail.com)

### **Prosjektkoordinator og økonomiansvarleg:**

Åse Nilssen – tlf: 907 77 756

e-post: [aasenilssen@hotmail.com](mailto:aasenilssen@hotmail.com)

### **Kontaktperson for ungdommene som deltek:**

Cathrine Bysheim – tlf: 400 74 808

e-post: [cathrinebysheim@gmail.com](mailto:cathrinebysheim@gmail.com)

**Sjå elles heimesida: [gallerimjosvagen.no](http://gallerimjosvagen.no)**

## **Gjennomføring:**

Prosjektet skal i første omgang vara frå 2017 til 2019, men me vonar at dette skal verta eit pilotprosjektet som vil føra til aktivitetar utover denne perioden.

I 2017 jobbar me med å planlegge prosjektet - **oppstartfasen**, få på plass kunstnarar og rekruttere ungdommar som skal jobba med prosjektet, samarbeidspartnarar og søkje prosjektmidlar.

I 2018 skal hovudprosjektet utførast, i tillegg til andre utstillingar knytt til temaet. Det skal arrangerast workshops og foredrag m.m. Hovudutstillinga skal synast i september 2018, men me vil starta opp med andre prosjekt knytt til hovudutstillinga i sommarsesongen 2018.

I 2019 skal prosjektet evaluerast med rapportar og dokumentasjon. Me vonar at me kan få til ulike arrangement og aktivitetar det året også.

## 3årig Budsjett 2017-2019:

<b>Art.</b>	<b>NoK</b>
Honorar kunstnarar	150.000
Honorar – andre – Foredragsalarar, prosjektkoordinator m.fl.	80.000
Husleige – fleire hus i Mjøsvågen må leigast over ein 3års periode	60.000
Transport og Reiseutg	25.000
Forbruksmateriell	25.000
Prosjektor, lerret, høgtalarar	20.000
Andre utg. (Kost, losji til kunstnarar + mat m.m under workshops)	20.000
Eigeninnsats: 1000 timer x kr.200.-	200.000
<b>Sum</b>	<b>580.000</b>

## 3årig Finansieringsplan 2017-2019 :

<b>Kjelde</b>	<b>NoK</b>
Norske kunstforeninger	100.000
Sparebanken Vest - lokalt	30.000
Hordaland Fylkeskommune – tils. over fleire ulike søknader	100.000
Kulturrådet	100.000
Sparebanken SR	50.000
Eigeninnsats	200.000
<b>Sum</b>	<b>580.000</b>